



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3516 - 17/24391

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
31.08.2017

Mellombels bruksløyve - gbnr 173/95 Rydland

Administrativt vedtak. Saknr: 396/17

Tiltakshavar: Christer Vabø
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26.11.2015.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Garasje som er samanbygd med bustaden

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 09.10.2017.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.08.2017 og supplert 31.08.2017.

Det er ved innsending av søknad nytta skjema for søknad om ferdigattest. Då tiltaket ikkje er ferdigstilt forstår kommunen det slik at søknaden gjeld mellombels bruksløyve.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring



Adresse:	
Bygningstiltak:	Einebustad med integrert garasje
Bygningsnummer:	300555017
Bruksareal:	276
Avløp:	Privat
Vatn:	Privat
Tal på røykløp:	1

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einebustad på gbnr 173/95 på følgjande vilkår:

- **Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket med unntak av garasje som er samanbygd med bustaden.**
- **Ferdigattest skal liggje føre innan 09.10.2017.**

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3516

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Christer Haukås Vabø

Seimsstranda 205 5912
A

SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28 5912

SEIM